

Fra: Geir Hølleland <gholleland@gmail.com>
Sendt: 20. oktober 2014 09:13
Til: Tore Johan Erstad
Emne: Rekkegarasje Galtenesvegen
Vedlegg: Garasje saknr. 250.2014.pdf

Til saksbehandlar Tore Johan Erstad

Dykkar ref. 14/3049 - 14/13057 og saknr. 250/2014

Vi har i brev 4.9.14 fått godkjenning til oppføring av 3 samanbygde garasjar. Etter godkjenninga viste det seg at parkeringsplassen der vi skal byggje ikkje er heilt plan, men haller nedover mot vegen. Det betyr at vi må leggje inn eit "trinn" på 25 cm slik at dei to garasjane som er nærmast vegen ligg 25 cm lågare enn garasjen lengst vekk frå vegen. Sjå vedlagde teikningar. Det viser seg at ei tilsvarande løysing er brukt på dei samanbygde garasjane som alt er på same parkeringsplassen (men dette hadde ingen av oss lagt merke til). Dette er einaste endring i høve til dei opphavlege teikningane. Vi ønskjer å kome i gong med arbeidet snarast råd, så vi håper at denne nødvendige, men bagatellmessige endringa, ikkje medfører at vi må utsetje prosjektet.

Mvh Geir Hølleland